

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskap	30.01.2024	008/24
Sakshandsamar Grevstad, Jarle	Arkiv: K2-L12	Arkivsaknr 24/72 - 1

Vedtak av oppstart av planarbeid - reguleringsendring Finse stasjon

Vedlegg:

240115 Omregulering Finse stasjonsbygning - varsel om oppstart_varslingsbrev

240117 Omregulering Finse stasjonsbygning S1_bakgrunn og presentasjon av saken

Vedlegg 1- Omregulering Finse stasjonsbygning_planavgrensning

Saksutgreiing:

Administrasjonen vart på seinsommaren 2023 kontakta av representantar frå Finse 1222 og BaneNor, som hadde engasjert entreprenør Seimen, for å sjå på moglegheitene for å byggja om stasjonsbygninga på Finse. Føremålet med ombygginga var å legge til rette for konferansefasilitetar og gjesterom, samt at venterom og andre jernbanerelaterte fasilitetar vart flytta og pussa opp.

Kommunedirektøren, saman med kommunalsjef for samfunn og plan og kommuneplanleggjar, hadde den 10. juli 2023 møte og synfaring på Finse, med Petter Hagelund frå Finse 1222, der han gjorde greie for planane, og viste fram dagens løysing og fasilitetar. Det vart tidleg klart at planane som låg føre, ikkje kan reknast som ein ordinær byggjesak, men er avhengig av ein reguleringsendring. Arealføremålet for stasjonsbygninga må endrast, og ny bruk av bygg og omgjevnader medfører nye bygningstekniske krav.

Det vart gjennomført eit nytt møte den 26.oktober – på Teams, etter at arkitektkontoret Einar Jarmund & co AS hadde blitt engasjert for arbeida.

Det vart gjennomført formelt oppstartsmøte med representantar frå arkitektkontoret Einar Jarmund & co AS, på Teams den 4. des. 2023. Utdrag frå heradet sine svar vert lista opp slik

- *Det vart orientert om prosessen og rekkefølge mellom plan og byggesak.*
- *Det vart orientert om politiske møtedatoar og forventa sakshandsamingstid. Første politiske møte formannskapet er 29. januar 2024. Det vart og orientert om andre møtedatoar framover.*

- *Kommuneplanen legg opp til at det ikkje skal verta auka overnattingskapasitet på Finse.*
 - *For Heradet sin del kan ROS laga av Bane NOR brukast. Kva tilbakemelding Statsforvaltaren kjem med kan ikkje heradet gje garanti for*
 - *Heradet vil ikkje setta krav om konsekvensutgreiing sidan området alt er regulert.*
 - *Lovverket som gjeld i dag om universell /andre tekniske krav gjeld og for aktuelt tiltak. Fråvik må argumenterast for, eller det må stettast med avbøtande tiltak.*
-
- *Kjente tema for ROS pr i dag:*
 1. *Støy*
 2. *Brann*
 3. *Beredskap*
 4. *Tryggleik*

Etter gjennomført oppstartsmøte har arkitektkontoret Einar Jarmund & co AS utarbeidd varslingsannonse, kartutsnitt og eit skriv som gjer greie for bakgrunnen, og presentasjon av saka. Det er ikkje utarbeidd/innlevert noko skisseprosjekt for å illustrere kva tankar ein har, og korleis ein ser føre seg å greie ut ulike problemstillingar.

Vurdering:

Administrasjonen ser behovet for Finse 1222 til å betre konferansefasilitetane ved hotellet, og på den måten sleppe å bruke t.d. spisesalen til konferanseverksemd, slik dei gjer i dag. E ser og at det hadde vore teneleg for aktørane at det i same ombygginga, vart lag til rette fo å kombinere konferanse, overnatting og jernbanetekniske fasilitetar. Kommuneplanen er imidlertid klar på spørsmålet om auka overnattingskapasitet på Finse, og dette er formidla tiltakshavarane.

Ein ny bruk av bygget vil medføre tidvis endra bevegelsemønster i området, med konferansegjester som skal ut og inn i bygget, og tilkomst og rømmingsvegar må difor vera eit sentralt tema i planlegginga. Eit anna moment er at stasjonsbygninga etter ombygging vert ein arbeidsplass for tilsette ved hotellet, og at planlegginga vert gjennomført på ein måte som arbeidstilsynet vil akseptere i ei komande byggjesak.

Uten eit tilsendt skisseprosjekt, er det vanskeleg for Ulvik herad – og andre – å komme med konkrete innspel til oppstartsvedtaket – utover i generelle vendingar, basert på innsendt materiell. Det vil forhåpentlegvis vera meir utfyllande når heradet mottar eit første planframlegg for eventuell høyring.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-8 vert det gjort vedtak om oppstart reguleringsendring av reguleringsplan for Finse, planid.: 2011001
2. Frist for å komme med innspel til oppstartsmeldinga vert sett til 15.mars 2024

30.01.2024 Formannskap

Endringsframlegg frå formannskapet:

Nytt punkt 3: Formannskapet legg til grunn at overnattings kapasiteten på Finse ikkje vert auka jmf. kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplan for området.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren med endring frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

FSK - 008/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-8 vert det gjort vedtak om oppstart reguleringsendring av reguleringsplan for Finse, planid.: 2011001
2. Frist for å komme med innspel til oppstartsmeldinga vert sett til 15.mars 2024
3. Formannskapet legg til grunn at overnattings kapasiteten på Finse ikkje vert auka jn kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplan for området.